**FRAN124** **Fransk kulturkunnskap og frankofoni**

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Emnekode** | | FRAN124 | |
| **Namn på emnet, nynorsk** | | Fransk kulturkunnskap og frankofoni | |
| **Namn på emnet, bokmål** | | Fransk kulturkunnskap og frankofoni | |
| **Namn på emnet, engelsk** | | | |
| **Studiepoeng, omfang**<br><br>ECTS Credits | | Emnet FRAN124 har eit omfang på 10 studiepoeng. | |
| **Studienivå (studiesyklus)**<br><br>Level of Study | | Bachelor | |
| **Fulltid/deltid**<br><br>Full-time/Part-time | | Fulltid | |
| **Undervisningsspråk** | | Fransk | |
| **Undervisningssemester**<br><br>Semester of Instruction | | Haust | |
| **Undervisningsstad**<br><br>Place of Instruction | | Bergen og Caen (Frankrike) | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Mål og innhald**<br><br>Objectives and Content | | Emnet gir ei innføring i samfunnstilhøve i Frankrike og i den franskspråklege verda utanom Frankrike (la francophonie). Emnet skal øva opp studentane sin dugleik til å lesa høgt franske tekstar og å samtala på fransk om pensumrelaterte emne. | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Læringsutbytte**<br><br>Learning Outcomes | | *Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbytte definert i kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse:*<br><br>**Kunnskap**<br>***Studenten***<br>• skal ha god kjennskap til konstitusjonelle, politiske og sosiale tilhøve i Frankrike og i den franskspråklege verda i dag.<br><br>**Ferdigheiter**<br>***Studenten***<br>• skal vera i stand til å samtala på fransk om samfunnstilhøve i Frankrike og i franskspråklege land og område.<br>• skal ha utvikla dugleik i å uttrykkja seg på standardfransk og i å lesa høgt franskspråklege tekstar.<br>**Generell kompetanse**<br>***Studenten***<br>• skal vera i stand til å følgja med i og kunna vurdera fransk og frankofon samfunnsdebatt ut frå dei kunnskapane dei har fått. | |
| **Krav til forkunnskapar** | | Ingen | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Tilrådde forkunnskapar** | | For å gjennomføra emnet med godt resultat, trengst det førekunnskapar i fransk som svarar til minst nivå 2 frå vidaregåande skule. Studentane bør og ha teke introduksjonsemnet FRAN100 samt våremna Xog Y | |
| **Studiepoengsreduksjon** | | FRAN101 (10 stp) | |
| **Krav til studierett** | | Emnet er ope for alle med studierett ved UiB. | |
| **Arbeids- og undervisningsformer**<br><br>Teaching and Learning Methods | | Kvar haust organiserer instituttet eit 7-vekers opphald for studentane i FRAN124 ved Det norske studiesenteret ved Universitetet i Caen (OFNEC), med munnlege øvingar og gjennomgang av pensum i franske samfunnstilhøve og frankofoni. For dei som ikkje kan følgje FRAN124 i Caen, blir det gitt om lag 24 førelesningstimar i løpet av dei 7 vekene dei andre studentane er i Caen. Samstundes blir det gitt om lag 12 timar munnlege øvingar og konversasjon i gruppe. | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Obligatorisk undervisningsaktivitet**<br><br>Compulsory Assignments and Attendance | | I samband med undervisninga skal ein levera for godkjenning eit skriftleg arbeid på om lag 1000 ord i fransk kulturkunnskap eller frankofoni. Ein må i tillegg få godkjent ei munnleg framføring på om lag fem minutt i den disiplinen ein ikkje leverer skriftleg oppgåve i. Frist for innlevering/framføring av oppgåver vert gjeven i byrjinga av semesteret. | |
| **Vurderingsformer**<br><br>Forms of Assessment | | Ein munnleg eksamen på fransk i fransk kulturkunnskap og frankofoni på om lag 30 minutt. Evne til å uttrykkje seg munnleg på fransk og kunnskap om pensum i dei to disiplinane tel om lag like mykje for karakteren i emnet. | |
| **Hjelpemiddel til eksamen**<br><br>Examination Support Material | | Ingen | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Karakterskala**<br><br>Grading Scale | EB_K-SKALA | Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk. | |
| **Vurderingssemester**<br><br>Assessment Semester | | Vår/haust | |
| **Litteraturliste**<br><br>Reading List | | Pensum i fransk kulturkunnskap er utdrag frå *Les institutions de la France* (Nathan repères pratiques)<br><br>I frankofoni er pensum utdrag frå Sanaker, Holter og Skattum: *La francophonie, une introduction critique* (Unipub)<br><br>Eit presist pensumoversyn finn ein på Mitt UiB. Ved semesterstart vert det opplyst om eventuelle endringar i pensum.<br>*Litteraturlista vil vera klar innan 01.06. for haustsemesteret og 01.01. for vårsemesteret.* | |
| **Emneevaluering**<br><br>Course Evaluation | EB_EVALUER | Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem. | |
| **Programansvarleg**<br><br>Course Coordinator | EB_PROGANS | *Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.* | |
| **Emneansvarleg** | | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Administrativt ansvarleg**<br><br>Course Administrator | | *.... fakultet ... v/ .... institutt ... har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.* | |
| **Kontaktinformasjon**<br><br>Contact Information | | *Studierettleiar kan kontaktast her:*<br>*Studierettleiar@xx-uib.no*<br>*Tlf 55 58 xx xx* | |